

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Den kulturelle skulesekken



Vedlegg til skulekonserten "Kouame møter borna"

PRAKTISK KONSERTFØREBUING

- Musikaren treng hjelp av 3-4 elevar til å bere utstyr før og etter konserten, ev. før fyrste konsert og etter siste konsert på skulen.
- Musikaren opptrer på den eine langveggen i konsertlokalet. Elevane sit på stolar i en halvsirkel framfor musikaren. Det er fint om det er ein open midtgang.
- Driftsansvarleg (vaktmeister) og involverte lærarar må få sjå denne konsertinformasjonen.
- Konserten varer i ca. 40 minutt.
- Kulturkontakt må vere tilgjengeleg under heile besøket. Det er alltid hyggeleg å bli møtt med ein kopp kaffi når ein kjem til ein ny stad.

KORLEIS STYRKE KONSERTOPPLEVINGA?

- Vi ber om at lærarane set seg saman med elevane og opplever konserten på lik line med dei.
- Bruk konsertinformasjonen og informer gjerne elevar, skuleleiing og lærarar om innhald og praktiske opplysningar. Kulturtanken og fylkeskommunen har god erfaring frå skular som nyttar elev- eller kulturvertar, eller elevarrangørar. Sjå www.eleversomarrangorer.no (brukar FLASH) for meir informasjon.
- Det er fint om elevane kan verte presenterte for konserten på førehand. Dei førebudde møta er ofte dei beste.
- Sjå gjerne også "BRUK KONSERTEN"-opplegget vi har laga til denne produksjonen som også kan lastast ned som pdf.

OM INSTRUMENTA

D'Jembe er ei tromme som er laga av tre og trekt med geiteskinn. Mange d'jembetrommer er utsmykka med metall som gjev ein særskilt rasleeffekt. Dun-dun er basstrommer. Desse høyrer med når det vert spelt på d'jembe. Tama kan omsetjast med "den snakkande tromma". Afrikanske trommer vart opprinneleg også nytta som "jungeltelegraf", altså ein måte å kommunisere med mange over eit større område. Kouame spelar også på fleire andre afrikanske instrument som han vil fortelje om på konserten.